



TEATERFESTIVALEN TIFJALER



PROGRAM 2021



VELKOMMEN !



Du held no i handa programmet til den niande teaterfestivalen i Fjaler, og med sine 54 sider, er dette festivalhistorias lengste trykksak. Vi er utruleg stolte av årets program, som rommar både upremierier, unike opplevingar i landskapet - og ein klassikar som har turnert i nesten førti år!

Når vi no slepp programmet i heile si bredde, markerer vi også starten på ein ny festivalsyklus. Frå 2021 - 2023 vil vi vie tre heile festivalar til å pusse støv av og sjå nærare på begrepa «Tru, håp & kjærleik». Det er nesten noko gamalmodig over desse orda når dei står slik samla, men i ei tid som ofte er meir prega av avmakstkjensle enn framtidsoptimisme, kjenner vi på eit behov for å løfte frem mennesket sitt potensiale for å drøyme - til å vere visjonære og til å verkeleggjere visjonane.

Behovet for å samlast under ein høgare himmel, i ei forteljing som setter liva våre i perspektiv - har finnast i alle samfunn, til alle tider. Det vere seg i kyrkja, i ein moské - eller i teatret. Gjennom årets festival freistar vi å setje fokus på fenomenet TRU, og ikkje berre i religiøs form. Årets program spenner frå folketru og overtru, til kyrkjjetru og organisasjonstru. Frå famtidstru og tru på kunsten, til tru og tvil på seg sjølv - eller på sine fedre. Og sjølvsaugt kjem vi ikkje utanom døden, sjøelve drivkrafta i all forteljing og all religion.

I tillegg til eit stort spenn av framsyningar og kunstnarlege opplevingar, har vi ulike faglege arrangement gjennom heile festivalen. Fredag kveld for eksempel, kan du gå på festivalpub og høyre mytolog og dramatikar Terje Nordby fortelje om den historiske





09.09. -12.09.21

samanhengen i utviklinga av myte, tru og teater - før du vandrar opp og skogen og natta, der pietismen møter karnevalismen - i kompaniet Vadmelsbanden si heilt spesielle oppsetjing av middelalderballaden Kråkevisa.

Med utgangspunkt i den lokale og kulturelle konteksten vi står i, kjem vi ikkje utanom Hans Nielsen Hauge. Ikkje berre fyller han 250 år i år, han er dessuten meir aktuell enn nokon gong: Visste du at han tilsaman satt 7 år i fengsel for å samle folk i ei tid der det var samlingsforbod? Gjennom både foredrag og radiosending vil vi setje fokus på Hauge, kva betydning han har hatt for utviklinga av organisasjonslivet i Noreg, og korleis han utfordra og utvida ytringsrommet, i si kritikk av den etablerte religionsforståinga.

Etter ei lita koronapause er også festivallaudagen tilbake! Denne marknadsinspirerte dagen gir deg både tru og overtru i mange formar; her kan du mellom anna ri på einhjørningar, gå på misjonsbasar, oppleve spøkelsesteater og gå på festivalgudsjeneste med drama og teater i kyrkja. Vi er og glade for at studentane på UWC vil dele sine tankar om tru og tvil, gjennom forteljerløypa #Mitru.

Dersom du vil ha svart belte på årets festival, må du gjennom heile 32 arrangement i løpet av fire dagar. Men det er berre å stå på - festivalfinalen der Motorspycho m/ venner spelar konsert i Eventyrskogen, er ein det vil gå gjetord om i åra framover! Med ynskje om ein god og perspektivutvidande festival,

helsing festivalstyret.



TORS DAG 09.09.21

13.00 Fem forestillinger om døden
De Utvalgte
Fjalerhallen



15.30 Radio Fjaler:
«Faderen & sonen»
Barscena Samvirket

18.00 Fem forestillinger om døden
De Utvalgte
Fjalerhallen



19.00 Faderen (Utstillingsåpning)
Erik Hovland
Dale senter, 2. etasje.

20.00 SOLA
The Krumple
Samvirke Scene

21.00 Opningsfest/ festivalbar !
Samvirket bar

23.00 A-project
Ane Lan
ZOOM/ Di eiga stove



FREDAG 10.09.21

11.00 Kvitebjørn Kong Valemon
Thea Borring Lande
Løa (lukka skuleframsyning)

11.00 Elias Akselsen
Fjaler sjukeheim
(lukka konsert)

12.00 SOLA
The Krumple
Samvirke Scene
(lukka skuleframsyning)

12.30 Om Hans Nielsen Hauge
Festivalforedrag
Tunkafeèn

13.00 Fem forestillinger om døden
De Utvalgte
Fjalerhallen



14.30 Radio Fjaler:
«Tro, tvil og ytringsrom»
Barscena Samvirket

16.00 SOLA
The Krumple
Samvirke Scene

18.00 Fem forestillinger om døden
De Utvalgte
Fjalerhallen




18.00 Kjære G-d
Enkeltmannsforetaket
Skatehallen (Samvirket)

19.30 Myte, tro & Teater
Terje Norby
Barscena Samvirket

21.00 Mannen og kråka
Vadmelsbanden
Torsetbotnen



24.00 Det kosmiske manifest
Vik/ Wilmann/Helgebostad
Dei gamle tunellane



09.00 Tro kan flytte fjell
(frukostkino) Trudvang

11.00- Festivallaurdag for alle!

15.00 Tusenårsstaden/ Kyrkjebakken
Sjå eige program!

11.00 Kvitenbjørn Kong Valemon
Thea Borring Lande
Løa

12.00 Bouncing Narratives
Roza Moshtaghi
Parken i Dale



13.00 Harry Påtter (Med Å)
Madam Pysj
Samvirke Scene

14.00 Kvitebjørn Kong Valemon
Thea Borring Lande
Løa

16.00 Bouncing Narratives
Roza Moshtaghi
Parken i Dale

16.00 Harry Påtter (Med Å)
Madam Pysj
Samvirke Scene

16.30 Bondetinget
Teater Vestland
Trudvang




17.00 Flytende speil
Venter/Skar/Davidsen/Kolbenstvedt
Villaen på Dalsåsen

17.00 *KJære G-d*
Enkeltmannsforetaket
Skatehallen (Samvirket)



19.30 *The Immortal Jellyfish Girl*
Wakka Wakka
Fjalerhallen

21.00 *Det kosmiske manifest*
Vik/ Wilmann/Helgebostad
Dei gamle tunellane



11.30 *Maria - Jesu mor* (lesning)
Teater Vestland
På Joen (hjo Kari Jensen)

11.00 *Bouncing Narratives*
Roza Moshtaghi
Parken i Dale

12.00 *Bondetinget*
Teater Vestland
Trudvang



15.00 *Radio Fjaler :*
«Framtidstru på bygda»
Barscena Samvirket

16.00 *Bouncing Narratives*
Roza Moshtaghi
Parken i Dale




16.00 *Flytende speil*
Venter/Skar/Davidsen/ Kolbenstvedt
Villaen på Dalsåsen

17.00 *The Immortal Jellyfish Girl*
Wakka Wakka
Fjalerhallen

17.30 *GUTTA presenterer GUD*
filmvisning
Festivalkafeen

19.00 *Jeanne d'Arc*
Juni Dahr
Samvirket Scene

21.00 *Motorpsyhco*
m/ venner
Eventyrskogen





FRAMSYNINGAR

KONSERTAR

FILM





FEM FORESTILLINGER OM DØDEN/ DE UTVALGTE

TORS DAG 09.09. kl. 13.00, 18.00

FREDAG 10.09. kl. 13.00, 18.00

FJALERHALLEN

- Ei nær-livet-oppleving!

I all religion og mytologi har døden til alle tider vore eit sentralt tema. Sjølv sagt: alle kjenner den, samstundes er den det største mysteriet. Teaterkompaniet De Utvalgte si kritikerroste framsyning "Fem forestillinger om døden" er ein unik teaterinstallasjon der publikum inviterast inn til ei nær-livet-oppleving, formidla gjennom situasjonar og refleksjonane til menneske som nærmar seg, eller allereie har passert denne grenseovergangen.

"Jeg kunne trukket frem hvert eneste øyeblikk i denne forestillingen"
-Mariken Lauvstad, Scenekunst.no

De Utvalgte er eit sentralt kompani i norsk teater, og har vunne fleire høgthengande prisar for arbeida sine. Framsyningane deira beveger seg i grenselandet mellom teater, biletkunst og performance. Aktørane i framsyningane deira er ofte menneske med og utan skodespelarerfaring, noko som gjer ein ekstra dimensjon i spelet med roller og identitet, autentisitet og teatralitet.

"Fem forestillinger om døden" er ein teaterinstallasjon, der publikum vandrar fra rom til rom i grupper med ulikt starttidspunkt. Vær difor oppmerksom på starttidspunktet på din billett og kom presis!

Av og med De Utvalgte: Eva Bøe Moen, Kari Vik Knutsen, Hans Wedvik, Kari Winge Onstad, Hans Magnus Ryan, Snorre Sjønøst Henriksen, Tommy Olsson, Helle Bendixen, Kjersti Alm Eriksen, Anne Gerd Grimsby Haarr, Torbjørn Davidsen, Anne Holtan, Boya Bøckman, Kari Holtan
Tekst: De Utvalgte, Karl Ove Knausgård, aktørane.
Co-produsentar: Black Box Teater og Rosendal teater. Støtta av Norsk Kulturråd.
(For full kreditering: Sjå nettsida vår!)

S O L A



SOLA /

THE KRUMPLE

TORS DAG 09.09. kl. 20.00

FREDAG 10.09. kl. 16.00

SAMVIRKET SCENE

- Ny soloframsying frå The Krumple!

The Krumple er eit teaterkompani med internasjonalt nedslagsfelt, som jobbar med utgangspunkt i ein fysisk teatertradisjon. Dei har gjort stor suksess på festivalen tidlegare, med framsyningane "YOKAI" og "Go to sleep, goddamnit" (2016).

I deira heilt nye soloframsying "SOLA" møter vi ein komande far som kjempar med sine indre demonar. Han møter seg sjølv i døra; ein mann som har problem med å sjå meininga med livet, og manglar tru på framtida. Korleis havna han her? For å finne svar dukkar han ned i sin eigen barndom.

"SOLA" er ei leiken, offbeat og mangfaldig teateroppleving av the Krumple, som finn sin inspirasjon i krysningspunktet mellom filosofiske forteljingar, urgamle åndelege tradisjonar og slapstick-komedie. Framsyinga vert produsert på Samvirket Scene i Dale sommaren 2021.

Av og med the Krumple. Utøvar, manus og regi: Vincent Vernerie, med regissør: Jo Even Børke, dramaturg og produsent: Oda Kirkebø Nyfløtt, utvikling og scenografi: Frode Gjerløw, lysdesign: Agathe Patonnier, lyddesign: Cédric Colin, lys- og lydteknikar: Yasin Gyltepe, kostymeassistanse: Madeleine F. Røseth og Madeleine Barosen Herholdt. Framsyinga er støtta av Norsk Kulturråd, og Dramatikens Hus og er utvikla i co-produksjon med PreForm, Fossekleiva Kultursenter og Teater Vestland



ELIAS AKSELSEN/

KONSERT

FREDAG 10.09. kl. 11.00

FJALER SJUKEHEIM

LAURDAG 11.09. kl. 12.00

UTESCENA V/ LJOSHEIM

- Årets festivalartist!

Det er med stor glede at vi kan presentere Elias Akselsen som vår festivalartist!

Med si særeigne stemme og utstråling er Akselsen den fremste representanten for romanifolket sin rike musikk- og songtradisjon i Noreg. Han har vore ei svært viktig stemme som har stått opp mot den norske staten si urett mot romanifolket. Akselsen vart fødd på Årnes i 1947, og vaks opp som omstreifar på landevegen. Han er oldebarn av Stor-Johan, som i si tid var åndeleg leiar for store delar av romanifolket. Rundt bålet lærte han mange av dei religiøse visene som var brukt i generasjonar. I ungdomsåra budde han også i Sverige og samarbeidde med mellom anna Cornelis Vreeswijk og Fred Åkerström. I dag er Akselsen evangelist i pinsekirka, og fleire av platene hans har ei religiøs vinkling. Han har vunne monge prisar for musikken sin.

Det vert fleire sjansar til å oppleve Elias Akselsen på festivalen. Han vil halde ein lukka konsert for bebuarane på Sjukeheimen fredag kl. 11.00, og ein open konsert på utescena under arrangementet *Festivallaurdag*. Her vil han og medverke i arrangementet "Song og drøs - om tru og overtru" med Fridtjov Urdal, Terje Nordby og Morten Cranner.

Arrangementet på sjukeheimen er støtta av Fjaler kommune.



KJÆRE G-d/

ENKELTMANNSFORETAKET

FREDAG 10.09. kl. 1800
LAURDAG 11.09. kl. 17.00
SAMVIRKET SCENE

- Monolog frå skjærselden!

Framsyninga "Kjære G-d" av Enkeltmannsforetaket handlar om eit menneske i sterk søken. På scena: Eit Eg vender seg i bønn til Gud, eit Du. Eg-personen står i skjæringspunktet, eller i skjærselden om du vil, mellom eit religiøst og eit sekulært verdsbilete, mellom tvil og tru, mellom heilag overtyding og radikal nihilisme, ytre høgre og ytre venstre, mellom det ein kan og ikkje kan forstå, det eviggyldige og det dagsaktuelle, og mellom eit ynskje om å bevare det beståande og å rive ned absolutt alt.

"Kjære G-d" er ei monologframsyning som ynskjer å utforske våre førestillingar om kven vi er, kvar vi kjem frå og om den ytste røynda. Publikum vert mellom anna presentert for bibelhistorie, teologi, evolusjonsteori og leiande teoriar om religionane sine opphav.

Bak Enkeltmannsforetaket står scenekustnar Ole Mads Veve. Ein sentral performance-kunstnar på 2000-talet, som markerte seg nasjonalt og internasjonalt. Filmen hans "Love is the Law" fra 2003 vann førstepris under kritikerveka på filmfestivalen i Cannes. Denne filmen kan du sjå på festivalkaffeen på laurdag 17.30. Etter eit kunstnarleg fråvær på over ti år, gjorde Veve comeback i 2020 med monologframsyninga "ka?TARSIS!". I tillegg til kunsthøgskuleutdanning har han ein bachelorgrad i litteraturvitskap og ein mastergrad i religionshistorie.

Av og med Ole Mads Veve. Framsyninga er støtta av Dramatikken Hus, Norsk Kulturråd og Bergesenstiftelsen, Bergen Kommune og Fritt ord. Lokal produksjon er støtta av Preform og Jakob Sande- senter for forteljekunst.



MANNEN OG KRÅKA

av VADMELSBANDEN

1991

MANNEN OG KRÅKA/

VADMELSBANDEN

FREDAG 11.09. kl. 21.00

TORSETBOTN

(oppmøte v/ Demma)

- Vandreteater i skogen!

På teaterfestivalen i fjor, inviterte dei unge scenekunstnarane i kompaniet Vadmelsbanden publikum til festivalavslutning på Slettelandsstølen med "Høstbade" - ei magisk og stemningsfull framsyning som vert trekt fram som eit av fjoråret sine teaterhøgdepunkt i Norsk Shakespearetidsskrift.

No er dei tilbake med ei fullskala framsyning basert på den kjende middelalderballaden "Kråkevisa". Det handlar om mannen som skal til skogen og hogge ved, og må ta opp kampen med ei tilsynelatande enorm og dødeleg kråke. Og kråka vert nytta til mykje; mellom anna vert det både ny kyrkjebåt og nytt stoveglas.

Vadmelsbanden er eit teaterkompani som lagar framsyningar ute i naturen. Fokuset deira ligg ikkje på teknikk, men dei jobbar likevel med spektakulær biletskaping; med handlaga rekvisittar, eld, masker og akustisk musikk. I "Mannen og kråka" har dei med lokale aktørar; både Dale Musikkorps og songarar frå deKor deltek. For dei som treng transport, går det buss opp til Demma, der framsyninga startar. Publikum går samla opp til Torsetbotnen. Vi anbefaler alle å velge vanntette sko/støvlar på turen, og å ha med seg ei lommelykt til heimvegen, då terrenget er ulendt. Framsyninga varer i ca. 2 timer.

Regi/produksjon/medverkende ved Vadmelsbanden; Sebastian Warholm, Ole Petter Ribe, Simen Formo Hay, Eirik Vildgren, Mikkel Gundelach, Sindre Hansen, Brede Fristad, deKOR og Dale Musikkorps. Støtta av: Norsk Kulturråd, Fond for lyd og bilde, Dramatikkens Hus, Fond for utøvende kunstnere, Bergesenstiftelsen, Fond for frilansere og Norsk sceneinstruktørforening.



DET KOSMISKE MANIFEST

AV OG MED

VIK/HELGE BOSTAD/WILMANN

DET KOSMISKE MANIFEST/

VIK/WILMANN/HELGEBOSTAD

FREDAG 10.09. kl. 24.00
LAURDAG 11.09. kl. 21.00
VED DEI GAMLE TUNELLANE


- Late night-teater gjennom tunellane!

Vi har lenge drøymt om å nytte området rundt dei gamle tunellane som teaterarena, og med scenestuntet "Det kosmiske manifest" vert draumen oppfylt.

Scenekunstnarane Kristin Helgebostad, Idun Vik og Ine Willmann, har alle tre markert seg sterkt i forskjellige delar av scenekunstheltet. Dei har kjent kvarandre i 20 år, men aldri jobba saman før. No møtast dei, i ei luke i tida, i ein mørk tunell, for å gå inn i og fordjupe seg i kunstnarmanifest frå heile det 19. hundreåret - frå den tidlege futurismen og fram til i dag. Kjem dei til å gå seg vill der inne i kunstnartankane -i desse motstridande virvartekstane om kunsten sitt potensial? Eller finn dei lyset på andre sida?

"Det kosmiske manifest" er eit stunt som kan elevere eller kollapse. Ein uføreseieleg happening og ein ruskete seremoni som hastig, men oppriktig, freistar å seie noko om det som er, har vore og kanskje kjem til å bli. Ein straum av tru og tvil skisserast opp, fyrst og fremst på ordet, og midt i mylderet inviterast publikum til å sjå etter linjer i historia og tendensar i tida, og kanskje også spådommar for framtida.

Av og med: Idun Vik, Ine Marie Wilmann og Kristin Ryg Helgebostad. Det kosmiske manifest tar opp i seg tekstar og rørsler av blant anna Kenneth Goldsmith, Mary Wigman, Yvonne Rainer, André Breton, Diego Rivera, Lev Trotskij, Athena Farrokhzad, Anne Teresa de Keersmaeker, Kristina Leganger Iversen, Merce Cunningham, Eldrid Lunden, Edith Södergran, Mina Loy, Stina Nyberg, Lebbeus Woods, F. T. Marinetti, Mette Ingvarsen, Rita Mae Browns, Philip Glass, John Cage, Mette Ingvarsen, Kim Hiorthøy, Mad Mike, Henning Bergsvåg og Elin Grinaker. I manifestet si ånd laga med lite tid og ressurser, men med støtte frå Bergen kommune, Dramatikkers Hus og Fritt ord.



BOUNCING NARRATIVES/

ROZA MOSHTAGHI

LAURDAG 11.09. kl. 12.00, 16.00

SØNDAG 12.09. kl. 11.00, 16.00

PARKEN I DALE

- Sjå opp for nye perspektiv!

Vi har ein ambisjon om å presentere meir dans for publikum i Fjaler, og er glade for at vi gjennom eit samarbeid med Dansenett Norge framover vil få besøk av fleire danseframсыningar!

“Bouncing narratives” gå føre seg i ein container med trampoline som tak. Publikum vert invitert til å sjå framсыninga frå innsida av containeren. Med eit leikent virvar av bilete, lydar og rørsler, balanserer “Bouncing narratives” på ei linje mellom rein glede og traumeforteljning.

I dette samarbeidsprosjektet, tek koreografane Roza Moshtaghi og Shahrazad Malekian utgangspunkt i traume som ikkje kan uttrykkast i ord, og uforvarande sprett tilbake i liva våre igjen og igjen.

Gjennom eit minimalt og repeterande vokabular, sprett og forskyvingar, vert nyansar av rytmar og tempo hovedkomponentar i den performative handlinga som driv installasjonen mot ein transeaktig intensitet.

Koreografi og konsept: Roza Moshtaghi/Artist og konsept: Shahrazad Malekian/ Lydartist og plakat: Lykourgos Porfyris/Utøvere: Gerd Kaisa Vorren, Trine Lise Moe/Teknisk ansvarlig: Pawel Karczmarczyk/Kostymedesign: Shiva Sher- veh/Lysdesign: Martin Myrvold/Produsent: Julie Olsen/Dokumentasjon: Josh Lake/Ben Pender/Eksternt rådgiver: Kristin Ryg Helgebostad. Prosjektet er støtta av Kulturrådet, KORO (Kunst i Offentlig Rom) og Oslo Kommune. Presenterast på Teaterfestivalen i samarbeid med Dansenett Norge.

BONDE- TINGET



BONDETINGET/

TEATER VESTLAND

LAURDAG 11. 09. kl. 16.30

SØNDAG 12.09. kl. 12.00

UNGDOMSHUSET TRUDVANG

- Ein dokumentarisk "true crime" om norsk landsbrukspolitikk!

I år feirer Norges Bondelag 125 år i teneste for den frie, norske bonden. Landbruket har vore i ei rivande utvikling. No produserer drygt 36.000 bønder meir mat, og det billigare, enn 350.000 bønder gjorde etter krigen. Aldri før har så mange produsert så mykje for så lite.

Noko er stole frå dei norske distrikta. Konsekvensane er utarma bygder, nedlagde gardar, utdøyande bygdesamfunn og eit raseri som feiar over landet vårt i val- og jubileumsåret 2021. Korleis kom vi hit? Og vil bygdene våre overleve?

Framsyinga "Bondetinget" i regi av Torkil Sandsund er ei undersøking og eit djupdykk ned i historia. Vi samlast til bondeting for å granske paradoksa mellom uttalt landbrukspolitikk og dei faktiske resultatata for utkantane frå krigen og fram til i dag - kort og godt finne sanninga om kva som skjedd.

Framsyinga varer i ca. 2 timar inkl. pause med enkel servering.

Tekst & Regi: Torkil Sandsund, medverkande: Kyrre Eikås Ottersen, dramaturg: Aslak Moe, lysdesignar: Krystian Myska, visuelt uttrykk: Torkil Sandsund, musikk: Frode Haltli. Produsert av Teater Vestland.



vere sang.wav

FLYTENDE SPEIL/

VENTER/SKAR/KOLBENSTVEDT/DAVIDSEN


LAURDAG 11.09. kl. 17.00
SØNDAG 12.09. kl. 16.00
VILLAEN PÅ DALSASEN (NKD)

- Nydeleg og rystende intimframsyning!

“I Flytende speil” er det fire erfarne scenekunstnarar som møtast i ei svært personleg, improvisasjonsbasert framsyning. Det handlar om traumer og nedarva mønster frå barndommen, mellom anna frå ein strengt religiøs heim. Spørsmålet som stillast er: Korleis spegle seg i sine næraste, når forholdet til menneska vi er avhengig av for å finne feste, byrjar flyte? Når ein byrjar tvile på eiga oppfatning, og blir usikker på kva som er draum eller røynd, spel eller vrangførestelling? I “Flytende speil” er hovudoverskrifta overganger. Mellom autobiografi og fiksjonalisering, mellom tale og sang, mellom røynd og vrangførestelling, mellom weltsmertz og galgenhumor.

“Flytende speil” er eit sceniskmusikalsk samarbeid mellom skodespelar/musikar Torbjørn Davidsen, songar/skodespelar Juliana Venter, komponist Julian Skar og regissør Marius Kolbenstvedt. Framsyninga hadde premiere på Stamsund Internasjonale Teaterfestival i 2021, og blei mellom anna omtala som ein “nydelig og rystende intimforestilling” (Norsk Shakespearetidsskrift). Framsyninga spelast i stova i villaen på Dalsåsen.

Av og med: Julian Skar, Juliana Venter, Torbjørn Davidsen og Marius Kolbenstvedt. Støtta av: Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde, FFUK, spenn.no, Dramatikkens hus og Norske dramatikeres forbund



THE IMMORTAL JELLYFISH GIRL/

WAKKA WAKKA

LAURDAG 11.09. kl. 19.30

SØNDAG 12.09. kl. 17.00

FJALERHALLEN

- Spektakulært figurteater for vaksne!

I det prisvinnande figurteaterkompaniet Wakka Wakka si nyaste framsyning står heile verda på spel. Langt inne i Eremozooikum, i einsemda sin tidsalder, sit teknologisk modifiserte menneske igjen som kongar på haugen. Berre nokre få artar i dyreriket er att. Det som ein gong var natur, er no berre ei karrig øydemark ruinert av krig og dekkja med murar. Men det finst håp. For det er framleis nokon som kjempar. I eit underjordisk laboratorium, midt i øydemarka, jobbar den eldgamle Turtleman på ein hemmeleg plan for å gjenopprette økosystema på jorda. Dottera Aurelia, «The Jellyfish Girl» er nøkkelen. Men ho veit det ikkje sjølv enda.

Wakka Wakka er eit internasjonalt figurteaterkompani, kjend for sine visuelt spektakulære, humoristiske og leikne figurframsyningar for eit vakse publikum. Dei har sin heilt eigne stil, og har du sett ei av framsyningane deira, vil du berre sjå meir! I fjor viste dei den koronatilpassa monologframsyninga «Animal R.I.O.T» på den gamle saga i Bygstad. No er vi svært glade for at dei kjem med heile kompaniet sitt, og at vi kan presentere "The Immortal Jellyfish Girl", som hovudretten laurdag kveld.

Av: Kirjan Waage & Gwendolyn Warnock m/ ensemble. Regi: Gwendolyn Warnock.
Ensemble: Francois Coudier, Kyra Vandenenden, Alexander Burnett, Olivia Zerphy, Lei Lei Bavoil, Kirjan Waage. Musikk: Thor Gunnar Thorvaldson. Lys: Jan Erik Skarby & Marianne Thallaug Wedset. Støtta av Norsk Kulturråd, Figurteatret i Norland og The Jim Henson Foundation. (For full kreditering, sjå nettsida vår!)



JEANNE d'ARC /

JUNI DAHR

SØNDAG 12.09. kl. 19.00
SAMVIRKET SCENE

- Sterk monologframsyning om legenda Jeanne d'Arc!

Framsyninga "Jeanne d'Arc", hadde urpremiere på The Wall and Boyd Theater Los Angeles i 1988, og skodespelar Juni Dahr har sidan blitt spelt framsyninga i meir enn førti land og hausta strålende meldingar. I norsk teatersamanheng har denne framsyninga noko i nærleiken av ei legendestatus, på same måte som hovudpersonen har det i den katolske verda.

Det handlar om Jeanne d'Arc, ei ungjente som levde i Frankrike tidleg på 1400-talet. Ho kunne ikkje lese eller skrive, men då ho var tolv fekk ho ei stor, religiøs openberring. Jeanne d'Arc rakk å bli ein stor hærførar, som leia Frankrike til krig mot England, før ho vart brent på bålet som heks og kjettar som 19-åring.

"En utrolig fascinerende og intens forestilling(...) Lik sin rollefigur, Jeanne d'Arc, gir også Juni Dahr alt." (Oppland Arbeiderblad)

Det er med stor glede vi presenterer denne framsyninga på festivalen søndag kveld. Framsyninga vart i si tid skrive på engelsk, før ho vart gjendikta til nynorsk av Halldis Moren Vesaas.

Av: Juni Dahr og John Morrow. Med: Juni Dahr. Muskar på scena: Chris Poole. Lys: Marianne Thallaug Wedset/Frank Tangen



MOTORPSYCHO



MOTORPSYCHO/

MED VENNER

SØNDAG 12.09. kl. 21.00
EINEHAUGEN

- Årets konsertoppleveling i Eventyrskogen!

Sjølvsom Motorpsycho har halde seg i tet som eit av dei største rockebanda i Noreg dei siste tretti åra, har bandet alltid søkt nye vegar. Musikken deira er kompromisslaus, eksperimentell, og rører seg innanfor sjangrar som psykedelisk rock, progrock, jazz, metal og punk. Bandet har base i Trondheim, og spelar over store delar av verda. Når dei no kjem til Teaterfestivalen er det saman med teaterkompaniet De Utvalgte, som vil stå for den visuelle og konseptuelle ramma saman med bandet. Utan å røpe for mykje på førehand, kan vi seie: årets festivalavslutning er ei hending det kjem til å gå gjetord om i åra framover!!

PRAKTISK INFO:

Konserten er ute, så kle dykk etter veret! Innslepp fra Einehaugen-sida kl. 20.45. Det vert sett opp buss i skyttel fra Samvirket i Dale Sentrum til Dalsåsen fra kl. 20.15. Frå Dalsåsen kan ein kan ein følge vegen med lyspunkter innover i skogen. Denne gåturen tek ca. 10 min. Ta gjerne med lommelykt til heimvegen - då er det mørkt! Publikum kan gjerne kjøre bil og parkere sjølv på Dalsåsen, men vi ber om at ingen nyttar bilvegen opp mot Einehaugen - der er det ikkje er plass til å parkere, og vanskeleg å snu. For spørsmål og påmelding til buss; ta kontakt med billettkontoret undervegs i festivalen, eller send oss ein e-post på: teaterfestivalenfjaler@gmail.com.

Medverkande: Motorpsycho: Bent Sæther, Hans Magnus "Snah" Ryan og Thomas Järmyr. De Utvalgte: Boya Bøckman, Kari Holtan, Torbjørn Davidsen, Anne Holtan og Anne Gerd Grimsby Haarr. Koreograf: Kristin Rygh Helgebostad. Dansarar frå Fjaler. Produsert av Teaterfestivalen i samarbeid med De Utvalgte. Støtta av Norsk Kulturråd

JESU MOR

PÅSKEEVANGELIET



MARIA - JESU MOR /

MARIT ØSTBY/ TEATER VESTLAND

SØNDAG 12.09. kl. 10.30
PÅ JOEN

- Lesning av siste del av Messias-trilogien.

"Eg har sett son min døy. Eg sto der - på lang avstand - til dei kom og tok han ned. Eg trur det var han. I går. Vi vart fortalde at ein av dei mest mektige mennene i landet kom med tenarane sine og tok han ned. Frå korset. Josef frå Arimatea. Minister. Eg har aldri sett ein minister. Han sveipte han i eit linklede, vart det sagt, og la han i ei grav han hadde kjøpt til seg sjølv. Her i Jerusalem."

13. mars 2020 var det klart for premiere på Teater Vestland - på den tredje og siste monologen i trilogien om Messias, skriven av Håvard Rem. Slik vart det ikkje. Skodespelar Marit Østby og regissør Bodil Kvamme måtte pent legge ned arbeidet, og gå inn i den korona-stille våren. Framsyninga vart aldri spelt. Det synes vi er synd. Difor er vi særst glade for at Marit Østby gjestar monologen med ei leseversjon av stykket, som kan opplevast hjå Kari på Joen, midt i kyrkjetida på festivalsøndag.

I Håvard Rem sin messias-trilogi er det kvinnene som har ordet. Først kom "Juleevangeliet - Miriam si forteljing" i 2016. Søstera til Josef (spelt av Idun Losnegård) fortalde sin versjon av det som hende då Jesus blei unnfanga ved gudommeleg medverknad. I 2018 kom "Maria Magdalena - Jesu virke", og vi fekk høyre om frelsaren gjennom kvinna som stod han så nær i vaksen alder (spelt av Reidun Melvær Berge). "Maria, Jesu mor - Påskeevangeliet" med Marit Østby, handlar om kvinna som bar han fram. Marit Østbye, som speler rolla som Maria, også hadde regien på dei to første monologane.

Av: Håvard Rem, Med: Marit Østby. Bodil Kvamme hadde regi på framsyninga, som vart produsert av Teater Vestland.



A-PROJECT/

#9 PART ONE: INITATION

TORS DAG 09.09. kl 23:00

SØNDAG 12.09. kl 23:00

ZOOM/ DI EIGA STOVA

- Bli med på rituell performance i Brasil, fra di eiga stove!

I 1962 reiste den unge engelske biologen Alfred Wilson til Moro de Santa Barbara i det brasilianske høglendet for å besøke den innfødte Tupecá-stammen og studere bruken deira av lokale medisiplantar. Wilson vart buande i denne stamma i 12 år, til han døde av dengufieber på det lokale sjukehuset i Santa Barbara i 1974. Wilson sine notatar forsvant - heilt til dei i 1994 dukka opp på ein auksjon av historiske dokument i Taipei. Boka inneheldt underlege teikningar og notat om ukjende tradisjonelle dansar, rørsler og øvingar som knyter kroppen til eit intrikat kosmologisk system rundt astronomiske hendingar. Boka sin relasjon til dei tapte tradisjonane til Tupecá-stammen i Brazil er endå ikkje stadfesta.

"A-project" er ein serie undersøkingar av kulturell, politisk og esoterisk historie, der kvart prosjekt omorganiserar symbolske hendingar og mentale projeksjonar. Prosjektet er starta av Eivind Reierstad. #9 part 1: Initiation er ein workshop-performance på ZOOM. Framsyninga tek 60 minuttar, den vert sendt direkte fra Ilhéus, Brasil, og språket er engelsk.

Deltakarane/publikum vil få instruksjonar og utstyr til ritualet før workshopen begynner. Dette får ein når ein kjøper billett på festivalkontoret.

Laga av Alexandre Guimarães Dos Santos (BR) og Eivind Reierstad (NO). Framsyninga på festivalen er eit samarbeid med BIT-Teatergarasjen i Bergen. Produsert av BIT. Støtta av Norsk Kulturråd, Fond For Lyd og Bilde og billedkunstneres vederlagsfond.



KVITEBJØRN KONG VALEMON/ THEA BORRING LANDE

LAURDAG 11.09. kl. 11.00, 14.00
JAKOB SANDE-LØA

- Bli med på eventyr!

Kvitebjørn Kong Valemon er eit av dei kjære folkeeventyra våre, her fortalt på ein ny måte. I denne forteljarframsyninga inviterar skodespelar Thea Borring Lande til ei nær og spennande reise for dei minste ungane, som sjølv får være med å hjelpe kongsdottera på reisa.

For det handlar om ei kongsdotter. I eventyret strekk ho seg ut frå si trygge sfære for å undersøke ein draum. I draumen - og eventyret - møter ho Kvitebjørn, men noko kjem heile tida i mellom dei. Kongsdottera kjempar med kløkt og klør og må ta i bruk alle sine evner.

I framsyninga får borna blant anna lære ei reiseregle, som dei kan få være med på fleire gonger. Når anledningen byr seg får dei også hjelpe kongsdottera på ferda, gjennom enkle, morosame rørsler, eller gjennom fantasien.

Framsyninga varar ca. 30 minutter. Passar for born frå 3 år.

Av og med: Thea Borring Lande. Regikonsulent og rekvisitør: Anne Lande.



Harry Potter

OG
PAR I ÅTTER

HARRY PÅTTER (med Å)/

MADAM PYSJ

LAURDAG 11.09.
kl. 13.00 og 16.00
SAMVIRKET SCENE

- Finnast magi på ekte?

I "Harry Påtter (med Å)" er det ikkje trollmenn og hekser - men tryllekunstnarar - som får opplæring på Galtvort. I dette universet er det korttriks, myntriks og sage-ei-dame-i-to triks som er det mest prestisjefylte, men det går også rykter om at nokon sit på ein løyndom om ein bortgløymt kunst, nemlig ekte magi.

Madam Pysj er eit teaterkompani som har spesialisert seg på å lage leikent og humoristisk teater for born. I deira serie (med Å) er konseptet å gå laus på historier dei fleste kjenner til, men demontere og dekonstruere konseptene til berre tanken om kor det heile starta står att. Kompaniet har tidlegare hatt stor suksess med framsyninga "Star Wårs (med Å)".

Vi er glade for å presentere denne framsyninga for born i Fjaler i samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane! Passar born frå 5 år.

Av og med aktørar frå Madam Pysj: Jonas Sandvik, Jacob Vigeland, Bjørg Sofie Eline Grutle Sætre, Daniel Frikstad og Thomas Stene-Johansen. Gjestespelet i Fjaler er støtta av Sparebanken Sogn og Fjordane.



SPØKELSESHUS/

FABEL UNGDOMSTEATER

LAURDAG 11.09. kl. 12.00-15.00
GAMLE KOMMUNEHUSET

- Drop- in spøkelsesteater!

Tør du å bli med opp på loftet i Gamle Kommunehuset? Før var det fengsel i huset, og vindua hadde gitter. Det seiest at det spøker der. Og om ikkje det gjer det til vanleg, så gjer det det i alle fall no!

Vekene før festivalen vil Fabel ungdomsteater innta det gamle, historiske bygget, og lage ei stadspesifikk spøkelsesframсыning som skal spelast under festivllaurdagen. Manuset er utvikla i samarbeid med ungdommane.

Dette er drop in-teater, som spelast for små grupper. Framсыninga tek i mot ti publikummarar kvar gong, og varar ca. 20 min. Ein må melde seg på i resepsjonen i 2. høgda på Gml. Kommunehus på Festivllaurdag. Her kan ein betale på Vipps - direkte til Fabel Ungdomsteater. Anbefalt aldersgrense: 10 år.

Speletider: 12.00, 12.30, 13.00, 14.00, 14.30, 15.00.

På scena: ungdommar fra Fabel. Produksjonsteam: Frida Kveane, Martha Rolling Jacobsen, Eva Meier , Miriam Prestøy Lie, John Trygve Mulhearn Evensen (Lyd).



TRO KAN FLYTTE FJELL/

DOKUMENTAR

LAURDAG 11.09. kl. 09.00
UNGDOMSHUSET TRUDVANG

- Frukostkino på Trudvang!

Ingenting er betre på festival enn å starte dagen med andeleg påfyll - spesielt ikkje når du får servert gratis kaffi ! Vi inviterer til morgonkino på Trudvang med visning av dokumentarfilmen "Tro kan flytte fjell".

I filmen tek regissør Silje Jakobsen oss med til den vesle bygda Valldal på Sunnmøre. Herfrå flytta 24 år gamle Edel Gillebo for 30 år sidan, for å arbeide som kunstnar i Berlin. No vender ho attende, som den gresk-ortodokse nonna Thavoria. Saman med nokre av sine medsystrer har ho blitt sendt på eit spesielt oppdrag. Nonnene skal byggje eit majestetisk kloster til ære for Olav den Heilage, ytst på ei utilgjengeleg fjellhulle som ruvar over bygda.

Ideen om eit kloster som skal huse nonner frå heile verda er ikkje kvardagskost for det vesle jordbrukssamfunnet. Men nonnene har ein sterk støttespelar i ordførar Arne, som ser potensialet til å gjere Valldal til ein verdskjend turismagnet, med eit gullforgylt kloster midt i dei i vakre Sunnmørsalpane. Men sjølv om kampen med det norske byråkratiet er hard, og lokalbefolkninga er splitta i synet på saka, tilfører nonnene bygda noko nytt med sine refleksjonar og levesett.

Visninga er gratis for alle med festivalpass. Ta med frukostniste - kaffen er på huset!

Manus og Regi: Silje Evenstad Jakobsen. Produsent: Ingvild Giske. Produsert av :
Medieoperatørene.



GUTTA presenterer : GUD

FILMVISNING

SØNDAG 12.09. kl. 17.30
FESTIVALKAFEEN
PÅ SAMVIRKET

Gutta er ein dragking-gruppe, beståande av fire scenekunstnerar: Desiree Bøgh Vaksdal, Josephine Kylén-Collins, Lærke Grøntved og Ann-Christin Kongsness. Om filmprosjektet GUD, seier dei:

"I krisetider trenger folket sterke lederskikkelser å se til. Ein stor patriark, en stabil farsfigur. Vi Gutta trenger dessuten, i disse karantenetider, at folket samler seg rundt oss, vi savner å bli omfavna. Larry, Robin, Lavrans og RichHard søker patriarkalsk inspirasjon ved å kalle på selve ufaderen; nemlig Gud."

Av og med: Lærke Grøntved, Ann-Christin Kongsness, Desiree Isabel Bøgh Vaksdal, Josephine Kylén-Collins, Eir Andreas Ihleng Berg. Filmfotografi/klipp: Maja Wilhite-Hannisdal. Musikk/lyd: Kari-Helene Blystad, Ragnhild Nelvik Bruseth. Lysdesign: Heidi Dalene. Støttet av: Kulturrådet og FoFoGoFo. (For full kredit og meir info om Gutta, se: <https://www.gutta.world>)

LOVE IS THE LAW

OLE MADS VEVLE

LAURDAG 11.09. kl. 16.30
FESTIVALKAFEEN
PÅ SAMVIRKET

Enmannskompaniet Enkeltmannsforetaket består av performancekunstneren Ole Mads Vevle. Han er aktuell på festivalen med framsyninga "KJære G-d". Interesse for religion strekk seg langt tilbake i Vevle sitt kunstnerskap, og som ein intro til dette viser vi Vevle sin performance-kortfilm "Love is the Law", som han vann to førsteprisen for, under filmfestivalen i Cannes i 2003.

Av: Eivind Tolås & Ole Mads Vevle. Manus: Johnny M. Holmvåg & Eivind Tolås. Produsent: Lars Løge. Foto: Anna Myking. Klipp: Eivind Tolås. Med : Ole Mads Vevle.




**ARRANGEMENT
UTSTILLING
FOREDRAG**



FADEREN/

ERIK HOVLAND (Utstilling)

OPNING
TORSDAG 09.09. kl. 19.00
OPE KVAR DAG
DALE SENTER



- Bilete av ein far!

Det var under lockdown i 2020 at Fjaler-kunstnaren Erik Hovland begynte å måle far sin, Roald. Han måla etter fotografi, tekne gjennom fleire år. Han måla med raskt påførte strøk. Måleria vart større og etter kvart mange. I vår stilte han dei ut i ei separatutstilling på galleri USF i Bergen. No kan du sjå utstillinga i Fjaler, i pop up-galleriet i 2. etasje på Dale Senter.

Om prosjektet seier kunstnaren:

“Eg er komen til eit punkt i livet der eg berre måtte gjere det eg ville. Eg har prøvd i minst fjorten år å lage den rette typen kunst, men eg følte aldri noko av det eg laga. Eg var lei på eit vis. No målar eg berre bilete slik eg føler dei. Eg vil at bileta skal vere som følelsar. Eg prøver å få fargar og tonar der dei skal vere, men så målar eg så fort og emosjonelt at bileta er fulle av feil på eit vis. Eg likar feila. Eg vil at bileta skal handle om min far. ”

Erik Hovland er, som sin far, fødd og oppvaksen i Fjaler. Han tok bachelor ved Wimbledon College of Arts og mastergrad ved Central Saint Martins i London. Etter tolv år i London flytta han tilbake til barndomsheimen i 2018.

RADIO FJALER

BARSCENA SAMVIRKET
UTESCENA FESTIVALAURDAG




Foto: Siren Høyland Sæter

- Live festivalpodcast!

Vi gjentek suksessen fra i fjor med live podcastsendingar fra festivalen ! Sendingane foregår i den koselige festivalkafeen vår, og frå utescena på festivallaurdagen. Her kan du både møte nokre av kunstnarane bak årets festivalframsyningar og andre inviterte gjestar. I år er Radio Fjaler eit samarbeid med Dramatikkens Hus, og samtalene vert leia av regissør og dramaturg Morten Cranner. Sendingane vert både streama fra nettsida til Dramatikkens Hus, og lagt ut som podcast

TORSDAG 09.09. kl. 15:30: FADEREN & SONEN/

om farsrolla i kulturen og religionen

Kva har sokneprest Knut Arne Kummuneje, kunstmålar Erik Hovland, skodespelarane Torbjørn Davidson ("Flytende Speil") og Vincent Vernerie ("SOLA") til felles? Jo, dei er alle aktuelle på festivalen - og i arbeida deira står ideen om FAR, heilt sentralt. I Radio Fjaler vil dei fire drøfte faren sin plass, i kvardagen og det nære, i arbeida deira - men og korleis vi les denne rolla i eit kulturelt og religiøst perspektiv.

FREDAG 10.09. kl. 14.30: TRO, TVIL OG YTRINGSROM/ Hauge + D'arc

Den revolusjonære katolske ungjenta Jeanne d'Arce vart brent på bålet som kjetter for sin heilage overtudning i 1341. Lekmannspredikanten Hans Nielsen Haug skapte ei folkerørsla i Noreg på byrjinga av 1800-talet, og for det vart han fengsla fleire gonger. Skodespelar Juni Dahr har levd av Jeanne d'Arc i snart førti år, medan Birger Løvlie har fordjupa seg i Hauge i si forskning på Høgskulen i Volda. I Radio Fjaler diskuterer dei tema som Tro og Ytringsrom, saman med Ole Mads Vevle, som er både religionshistorikar og performancekunstnar - og festivalaktuell med monologframsyninga "KJÆRE G-d".

LAURDAG 11.09. kl. 13.00: SONGAR OG DRØS/Om tru og overtru

Festivallaurdag vert det eit reall mestermøte mellom nokre av våre fremste historiebeararar! Elias Akselsen, pinsevevnn og vår fremste forvaltar av tatarane sin songtradisjon, Terje Nordby, mytolog, dramatikar og visesongar, Fridtjov Urdahl, historieformidlar og skald. Med sine forskjellige utgangspunkt samlast dei på utescena i song, drøs og historieforteljing - i eit program som vil handle om Tru og Overtru, leia av regissør og dramaturg Morten Cranner.


SØNDAG 12.09. kl. 13.00: FRAMTIDSTRU PÅ BYGDA

Teaterfestivalen i Fjaler er inne i sitt niande år, og satsar stadig meir på produksjon av framsyningar. Når festivalen er over, går også startskotet for ei stor opprustning av Samvirket Scene. Huset skal stå klart til helårsdrift frå mars 2022, og vil da huse kompani og kunstnarar som vil produsere i Fjaler. Men korleis er det eigentleg å komme til Dale for ein scenekunstnar? Og kor ambisiøse kan ein vere i ein liten bygd? På den siste festival-sendinga vil Morten Cranner inviterer både lokale kulturprodusenter og gjestende kompani til ei framtidretta oppsummering av fenomenet Dale, og ein refleksjon over kva som skal til for å skape ein god grobunn for kunsten.

OM HANS NIELSEN HAUGE/

FESTIVALFOREDRAG V/ TEOLOG BIRGER LØVLIE

FREDAG 10.09. kl. 12.30
TUNKAFEE



- Frå Hauge til Orheim!

I år er det Haugejubiuleum og 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. Vi vil difor vie denne markante vandraren ekstra merksemd. Hauge er den enkeltpredikanten som har hatt størst innflytelse på kristenlivet etter reformasjonen, og han har hatt stor betydning for grunnlaget av norsk organisasjonsliv. Kven var eigentleg Hauge, kva ville han - og korleis klarte han å endre folket, både kristelig, kulturelt og politisk ?

Teolog Birger Løvlie frå Høgskulen i Volda kjem til festivalen med eit foredrag om Huges liv og virke. Løvlie vil også synes linja fra Hauge til markante vestnorske lekpredikanter, som mellom anna nordfjordingen Mathias Orheim.


Birger Løvlie er teolog med doktorgrad fra Lunds universitet, og har sidan 1986 vore ansatt på Høgskulen i Volda. Han har mellom anna forska på vestnorsk kristenhistorie, og har mellom anna skrive biografien om Orheim, og vore redaktør for den nyleg utgitte boka "Tru på Vestlandet".

Foredraget er gratis, men ein lyt tinge plass på førehand - på billettsida vår på ticketco, eller i billettluke på festivalen. Ope kafé.

MYTE, TRO & TEATER/

TERJE NORDBY

FREDAG 10.09. kl. 19.30
SAMVIRKET BARSCENE



- fredagspils med Terje Nordby!

Teatret vart opprinneleg til i ei blanding av galskap og gudstjeneste. Er religion og teater fortsatt beslekta? Til felles ligg trua på ein fiksjon utanfor vår kontroll, det være seg overnaturlige fenomen som Kristi oppstandelse, eller opplevinga av at eit menneske forandrar seg i gjennom å tre inn i ei rolle. Italianaren Umberto Eco antyda at hundane bjeffa annleis middelalderen enn no. Meir sannsynleg er at vi «trudde» på ein anna måte. Korleis og kvifor? "Persona" tydar opprinneleg «maske» eller «falskt ansikt». Betyr det at ein personlegdom er det same som ei maske?

Denne fredagskvelden har vi invitert sjølvste Terje Nordby til å ta oss med tilbake til teatret sitt opprinnelse og kåsere rundt dette. Terje Nordby er dramatikar, mytolog og musikar. Han var mellom anna Tramteatret sin faste forfattar, programleiar i NRK-programmet Mytekalenderen i ei årrekke, og han har skreve fleire titalls skodespel.

Foredraget er gratis m/ festivalpass, men ein må ta ut billett på ticketco for å sikre seg plass - dette er begrensa. Etter foredraget går det buss opp til Demma for dei som skal vidare på Vadmelsbanden. Denne kan ein melde seg på førehand

FESTIVALLAUDRAG

TUSENÅRSSTADEN / KYRKJEBAKKEN / ØYRA

LAURDAG 11.09.

kl. 11.00 - 15.00

Etter ei lita pause i fjor, er vi svært glade for å igjen kunne invitere til vår tradisjonelle festlaurdag! Denne marknadsdagen har vore organisert på nye stader i bygda kvar gong, og i år inntek vi området kring kyrkja og Ljosheim. I tråd med overordna festivaltema er overskrifta over dagen "tru og overtru" - og vi har mykje spennande på programmet! På utescena vert det konsertar og samtalar, og i husa rundt vert det ulike aktivitetar for store og små. Til framsyningane må du ha billett - ellers er arrangementa gratis. Det vert sal av mykje god mat frå lokale bedrifter, mellom anna Leonards forlovelse, Fjord gardsmat og Yndestad gard.

Kl 11.00 : Festivalgudsteneste / Dale kyrkje

Sogneprest Knut Arne Kumeneie inviterer til ei spesialgudsteneste med drama og teater. Her vil han ta oss med inn i tankane bak liturgien. Kvifor er den som den er ? Til å hjelpe seg har han med årets konfirmanter. Song ved Marie Skadal.

Kl. 12.00 - 15.00: Sande & tru / Gamle Skulehuset.

Lytt til opptak av Siri Sande som fortel om Jakob Sande sitt forhold til tru.

Kl 12.00: Konsert med Elias Akselsen / utescena

Ein av fremste formidlarane av taterfolket sine tradisjonssongar.

Kl 13.00: Radio Fjaler: Songar og drøs om tru og overtru / utescena

Med Elias Akselsen, Fridjov Urdal, Terje Nordby. Samtalen er leia av Morten Cranner

Kl 12.30 - 14.30: #Mitru/ elvekanten på Øyra

Forteljarløype med studentar fra UWC. Gå ein tur langs Dalselva, og sett deg ned på ein ledig stol og få eit nytt perspektiv ! Her kan du høyre korte, personlege forteljingar om tru med ungdom frå heile verda. Kvar forteljing varer ca. 5 minutt, den vert fortalt ein til ein.



FESTIVALLAURDAG

TUSENÅRSSTADEN / KYRKJEBAKKEN / ØYRA

Kl 14.00 : Hålandsbasaren / Ljosheim
Hålandsbasaren er ein tradisjonell ytremisjonsbasar. Det vert åresalg, kaker og kaffi. Inntektene går til Det Norske Misjonsselskap.

FØRESTILLINGAR (born & ungdom):

Kl 11.00 + 14.00: Kvitebjørn Kong Valemon / Løa i Klokkargarden
Forteljarteater for dei minste - fra 3 år.

kl 12.00 - 1500: Spøkelseshus / Gamle kommunehuset
Med Fabel Ungdomsteater. Obs: aldersgrense 10 år!

Kl 13.00 + 16.00: Harry Påtter (med Å) / Samvirket
Magisk teater for born fra 6 år.

AKTIVITETER!

Kl 12.30 - 14.30 : Elvepadling med musikalske openberringar og uventa opptrinn.
Kanoutlån ved brua/Borgen.

Kl 12.30 - 14.30: Ri på ein «Einhjørning» for born / Gamlebadet
Dale og Ytre Sognefjorden Fjordhestlag. Pris kr 40.

Marknad: Elles er det Open Bokhandel /
Gamle skulehuset med boksignering og kaffi, Marknad der mellom
andre Elias Akselsen sel kniver og visper.

Med atterhald om endringar - spesielt om det regnar er det lurt å sjekke nettsida for ny og oppdatert informasjon !

#MITRU/

FORTELJARLØYPE OM TRU & TVIL

LAURDAG 11.09.
kl. 12.30- 15.30
ELVEKANTEN PÅ ØYRA



- Elvevandring med nye perspektiv!

På festivalldag inviterer vi, saman med studentar frå United World College i Flekke, til ei forteljarløype langs elvebredden på Øyra. Langs løypa møter du ungdommar frå verdas ulike hjørner. Kvar av dei har ein ledig stol. Der er du velkommen til å setje deg ned, sjå elva drive forbi og få forteljaren sitt personlege perspektiv og forteljingar knytt til begrepa "tro og tvil".

Vandringa startar ved brua over Dalselva og går oppover. Kvar av historiene tek omlag 3 minutt. Dei 18 ungdommane som deltek frå Sverige, Finland, Zambia, Serbia, Frankrike, Israel, Canada, Indonesia, Italia, Kina, Columbia, Danmark, Grønland, Australia og Portugal.

United World College er ein internasjonal videregående skule, som har ei målsetjing om å fremme internasjonal og interkulturell forståing. På verdsbasis finnast det 18 slike skuler. Skulen i Norden ligg i Flekke i Fjaler kommune, og har elevar frå omlag 90 land.

Medverkande: Elsa, Emilia, Ethen, Jaja, Nina, Noa, Petrina, Silma, Siri, Teodor, Yinim, Heloise, Laura, Nanna, Thea, Beatriz, Peter & Mark (lærarar).

MISJONSBASAR/ HÅLAND MISJONSFORENING

LAURDAG 11.09.
kl. 14.00
LJOSHEIM



- Freist lukka på basar!


Saman med Håland misjonsforeining vil vi invitere til misjonsbasar i Ljosheim. I god tradisjonen vert det andakt og sang, åresal, matøkt med gode kaker, og lotteri med flotte gevinster.

Håland misjonsforeining vart truleg starta midt på 1930-talet, og har ein lang tradisjon for å halde basar. Tidlegare var kvinnene samla i heimane til kvarandre for å arbeidde med gevinstar. Dei brukte mellom anna ull som dei karda, spann og strikka vottar og sokkar av. Dei lodda også ut sekker med ull og basaren vart difor på folkemunne kalla "ullbasaren".

Dei første åra var basaren halde i eitt av klasseromma på gamle Dingemoen skule. Nokre år var basaren i bomberommet, men tidleg på 1980 talet vart basaren flytta til Ljosheim. Då vart det også matøkt med servering av kaffi og kaker, i tillegg til åresal, loddsal på bok og trekking av alle gevinstane. Håland misjonsforeining arbeider for Det Norske Misjonsselskap, NMS. All inntekt går difor til misjonsarbeid.

Arr. Håland misjonsforeining og teaterfestivalen. På grunn av smittevern vert det begrensa plass og "førstemann til mølla".

KVEN, KOR, KVIFOR?



- Litt festival- og bygdehistorikk

Fjaler er ein liten kommune i Sunnfjord, med knappe 3000 innbyggjarar. Kommunesenteret ligg i bygda Dale, og det meste av festivalen går føre seg her. Til tross for Dale er ei lita bygd, finnast det eit rikt kultur- og organisasjonsliv her. I bygda finn du mellom annan Jakob Sande-senter for forteljerkunst, som satsar på utvikling og formidling av det levande ordet, og tilbyr opphald for skrivande. På toppen av åsen ligg Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen, som sidan 1998 har vore ein statleg finansiert residensordning for internasjonale kunstnarar. I sentrum av Dale vert det no etablert ei permanent teater-scene og prøvelokaler i det gamle Samvirkelaget, som er drifta av PreForm. Denne skal stå heilt klar mars 2022, og er open for kompani og scenekunstnarar som vil komme og jobbe med produksjonar i Dale. Her er det også lydstudio og andre fasiliteter for kreative næringar.

Den fyrste Teaterfestivalen i Fjaler vart arrangert i 2013, og har gått av stabelen kvart år i september sidan. Festivalen er drifta som eit frivillig lag, med ei stab av frilansarar som arbeider med kunstnarleg leingi, produksjon og teknisk avvikling. Festivalen vert programmert ut frå ein tematisk overbygning, og legg vekt på å skape møtepunkt mellom kunsten og bygda på fleire nivå. Med tema som "Perifere forteljingar" (2013), "Skog" (2014), "Fjord" (2015), "Ras" (2016), "Antropocen" (2017), "Utanforskap" (2018) og "Motmakt/Avmakt" (2019) har vi lagt vekt på å vere ein samfunnsengasjert festival, og leiter heile tida etter krysningsspunkt mellom den lokale konteksten og globale problemstillingar. I 2020 var koronarestriksjonane utgangspunktet for programmeringa, og vi gjennomførte ein festival med hovudvekt på utandørs framsyningar. Frå 2021 begynner vi ein ny festivaltriloig som strekk seg fram til 2023, og vil ha "Tru, håp og kjærleik" som tema.

FESTIVALKAFE, BILLETTAR OG INFO!

TORS DAG: 12.00 - 00.00
FREDAG: 12.00 - 00.00
LAUR DAG: 10.30 - 20.00
SØNDAG: 10.30 - 21.00

- INFO!

Teaterfestivalen sitt billett- og infokontor finn du i Samvirket i Dale sentrum. Her er du velkommen til å sitte og jobbe eller slappe av i vår vår koselege festivalkafe med sal av suppe, kaffi og kaker, og nystekte sveler. Kafeen held ope kvar dag under festivalen. Torsdag og fredag kveld er det festivalbar frå. kl. 18.00 - 01.00.

Billettar:

Billettar kjøper du på www.teaterfestivalenifjaler.ticketco.no.

Du kan òg kjøpe på vårt billettkontor på Samvirket.

Festivalpass:

Om du har kjøpt festivalpass på nett, må du byte dette i armband før du går på første framsyning. Dette gjer du også på billettkontoret. Du må kjøpe plassbillett til kvar framsyning, sjølv om du har pass. Armbandet må visast fram, saman med billetten når du skal inn på ei framsyning.

Mat:

I tillegg til vår festivalkafe i Samvirket, har vi fleire koselege spisestader i Dale. Du kan kjøpe lunsj og varmmrettar på koselege Allmuen kafé og interiør i sentrum på dagtid. Fabel kafé i Dale senter har både lunsj og middag. På Kaia Pub og restaurant kan du få middag torsdagar og søndagar. På festivallaudagen vert det sal av mat frå pop up-restaurantar frå lokale leverandørar.

Kontakt:

Har du andre spørsmål om stort og smått, er du velkommen til å kontakte oss på festivaltelefonen: 97686306. Du kan og ta kontakt med oss på facebook, eller sende en e-post til: teaterfestivalenifjaler@gmail.com

TAKK TIL VÅRE STØTTESPELARAR!



KULTURRÅDET

Arts Council
Norway

Publikumstjenesten
Program
(2021)



22g028989



Vestland
fylkeskommune



FJALER KOMMUNE



sparebanken
sogn og fjordane



TEATER
VESTLAND

Dramatikkens hus